



Kjempekjekt på Hesjedugnad.

I dag vart den årlege hesjedugnaden for å pynta opp til Festidalen gjennomført, og som alltid vart det ei triveleg stund der arbeidet gjekk unna med liv og lyst. Slik vert det ofte når barn samarbeider om kjekke ting med foreldre- og besteforeldregenerasjonen.

Arbeidet starta med slått på Døssland der graset vart lesst på trangtorhengar og transportert til Dønhaug-jordet av Pål Haugland. På Dønhaug var det gjort klart til hesjing, og etter at Pål hadde gjeve nybyrjarane eit kjapt lynkurs, var det full gong i arbeidet. Hesjane vert brukt til å dela av området og gjera det varmare og koselegare. Også rundt inngangsporten vert det hengt opp gras for å pynta opp.

Nokre i hesjegjengen for også ned til skuleområdet. Dei henta graset som vart slått ved kunstgrasområdet tidlegare i dag. Det skal brukast til å gjera området framfor inngangspartiet til Aktivitetshuset meir koseleg fram mot helga.

Etter at hesjinga oppe på Dønhaug, fekk dugnadsgjengen god servering som lønn for den kjekke jobben. Saima Kristine L. Døssland og Ella Karina Hjørnevåg steikte kjempegode lappar, og til drikke baud dei på saft og kaffi. God mat høyrer med til ein skikkeleg dugnad.



Graset vart henta på Døssland.



I tillegg til vanleg hes vart det også hesja på gjerde.



Familien Eik Ulvøy, frå Fredrikstad til hesjedugnad på Dønhaug.



Graset vart flytta rundt på området på pressening.



Saima og Ella sytte for gode lappar, saft og kaffi som Norah, Celine, Anna Elisabeth, William, Linnea og resten av dugnadsgjengen fekk etter jobben.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland